

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 11.10.2005 **Tid:** 15.00-18.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Ass.adm.sjef Våge.

Merknader: Magda Haugen var ugild i sak 14-15/05 og gjekk ifrå.
Hjørdis Tysse gjekk frå møtet kl.17.30 før handsaminga av sak 16/05.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 14. oktober 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Liv Berit Khadoor orienterte om Blå kors sitt foreldreprogram: "Bevisste foreldre". Ho ønskjer å invitere dei til Samnanger etter jul for å orientere om programmet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

1. Ass.adm.sjef orienterte om kunstmappeprosjektet som er på trappene. Bileta som vart laga i samband med kulturstien vert trykt opp i ei kunstmappe. Mappene vert nummerert og lagt ut for sal. Opplaget vert på 1000 stk og kjem for sal til jul.
2. Ass.adm.sjef orienterte om prosessen med å organisere barnehagane i eiga eining. Ein gjennomfører dette pr. 01.01.06 sjølv om tilsettingane i leiarstillingane kan verte noko utsett.
3. Svein Egil Kvale orienterte om arbeidet med Ættesoga.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0012/05	05/00347 NYTT SAMARBEIDSUTVAL (SU) FOR SKULANE OG ARBEIDSMILJØUTVAL
0013/05	05/00347 NYTT SAMARBEIDSUTVAL I BARNEHAGANE I SAMNANGER
0014/05	05/00346 OPPRETTING AV RÅD FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE
0015/05	03/00410 VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING, FRAMLEGG TIL NAMN
0016/05	05/00308 TILSKOT TIL MÅL - HANDBALLGRUPPA I SAMNANGER IDRETTSLAG.

0012/05

NYTT SAMARBEIDSUTVAL (SU) FOR SKULANE OG ARBEIDSMILJØUTVAL**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Utvalet sette fram følgjande fellesframlegg v/Haugen;

”1. Dei ”gamle” SU ved skulane vert lagt ned.

2. Det skal opprettast eit skulemiljøutval og utvida Samarbeidsutvalet (SU) etter alternativ B i saksutgreiinga ved alle skulane.

3. Endringane gjeld frå 01.01.06. Representantane vert valt for valbolken.

4. Representantane frå kommunen;

- Nordbygda skule; Audhild Olsnes
- Gjerde skule; Nils Gåsdal
- Samnanger ung.skule; Inge Aasgaard
- Vara; 1. Hjørdis Tysse
- Vara; 2. Liv Berit Khadoor”
- Utvalet røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Dei ”gamle” SU ved skulane vert lagt ned.

2. Det skal opprettast eit skulemiljøutval ved å utvida Samarbeidsutvalet (SU) etter alternativ B i saksutgreiinga ved alle skulane.

3. Endringane gjeld frå 01.01.06. Representantane vert valt for valbolken.

4. Representantane frå kommunen;

- Nordbygda skule; Audhild Olsnes
- Gjerde skule; Nils Gåsdal
- Samnanger ung.skule; Inge Aasgaard
- Vara; 1. Hjørdis Tysse
- 2. Liv Berit Khadoor

0013/05

NYTT SAMARBEIDSUTVAL I BARNEHAGANE I SAMNANGER**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Utvalet sette fram følgjande fellesframlegg v/Haugen;

1. Felles SU ved skulane og barnehagane vert lagt ned.

2. Det vert oppretta nye SU ved dei to kommunale barnehagane slik barnehagelova § 4 gjev føringar på.

3. Representantar frå kommunen:
 - Gjerde Barnehage: Magda Haugen
 - Nordbygda barnehage; Geir Markhus
 - Vara; 1. Liv Berit Khadoor
2. Hjørdis Tysse.
4. Endringane gjeld frå 01.01.06 og representantane vert valt for valbolken.”
Utvalet røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Felles SU ved skulane og barnehagane vert lagt ned.
2. Det vert oppretta nye SU ved dei to kommunale barnehagane slik barnehagelova § 4 gjev føringar på.
3. Representantar frå kommunen:
 - Gjerde Barnehage: Magda Haugen
 - Nordbygda barnehage: Geir Markhus
 - Vara; 1. Liv Berit Khadoor
2. Hjørdis Tysse.
4. Endringane gjeld frå 01.01.06 og representantane vert valt for valbolken

0014/05

OPPRETTING AV RÅD FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Utvalet sette fram følgjande fellesframlegg v/Liv Berit Khadoor;

”Samnanger kommune opprettar råd for personar med nedsett funksjonsevne.

Rådet skal ha 3 faste medlemmer.

Hjørdis Tysse vert kommunen sin representant.

Kommunestyret nemner opp dei to andre representantane til rådet, samt kven som skal vera leiar og nestleiar.

Mandat;

- Vera med å sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktig for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje uttale i saker som t.d. omfattar tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne.

I tillegg kan rådet sjølv også ta opp saker som er av interesse for denne gruppa menneske.”

Utvalet røysta over fellesframlegget, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune opprettar råd for personar med nedsett funksjonsevne.

Rådet skal ha 3 faste medlemmer.

Hjørdis Tysse vert kommunen sin representant.

Kommunestyret nemner opp dei to andre representantane til rådet, samt kven som skal vera leiar og nestleiar.

Mandat;

- Vera med å sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktig for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje uttale i saker som t.d. omfattar tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne.

I tillegg kan rådet sjølv også ta opp saker som er av interesse for denne gruppa menneske

0015/05

VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING, FRAMLEGG TIL NAMN**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Hjørdis Tysse gjekk i frå møtet kl. 17.30 før saka vart handsama.

Utvalet sette fram følgjande fellesframlegg v/Inge Aasgaard;

” Oppvekst og omsorg gjer følgjande merknader til sak 15/05.

Framlegg til vegar;

Nr. 6. Alt 1. Sætravegen vert nytta

Nr. 7 Alt 1. Sagavegen vert nytta

Nr. 20 Alt 1. Rødsvegen vert nytta

Nr. 25 Alt 1. Gamle Rødsvegen vert nytta

Nr. 34 Alt 2. Bjørkhaugen vert nytta

Nr. 39 Alt 2. Fjellheimsvegen vert nytta

Framlegget vert lagt ut til offentleg høyring med høyringsfrist måndag 14. nov.2005.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg gjer følgjande merknader til sak 15/05.

Framlegg til vegar;

Nr. 6. Alt 1. Sætravegen vert nytta

Nr. 7 Alt 1. Sagavegen vert nytta

Nr. 20 Alt 1. Rødsvegen vert nytta

Nr. 25 Alt 1. Gamle Rødsvegen vert nytta

Nr. 34 Alt 2. Bjørkhaugen vert nytta

Nr. 39 Alt 2. Fjellheimsvegen vert nytta

Framlegget vert lagt ut til offentleg høyring med høyringsfrist måndag 14. nov.2005.

0016/05

TILSKOT TIL MÅL - HANDBALLGRUPPA I SAMNANGER IDRETTSLAG.

Framlegg til vedtak:

Søknaden vert ikkje stetta grunna manglande midlar.

Handsaming i møte:

Nils Gåsadal sette fram følgjande framlegg:” Oppvekst og omsorg ser svært positivt på at det vert gjort forsøk på å få til handballmiljø i Samnanger. Oppvekst og omsorg meiner dei må få 2 handballmål og ber kommunestyret å finna midlar til dette.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg ser svært positivt på at det vert gjort forsøk på å få til handballmiljø i Samnanger. Oppvekst og omsorg meiner dei må få 2 handballmål og ber kommunestyret å finna midlar til dette.